

KJÆRE REFLEKS-FØRESETTE!



Gratulerer med å ha ein Refleksar i hus! Her kjem eit fullpakka infoskriv til dykk føresette, sånn at de veit kva ungdommen dykkar driv med. **Fyrst:** når så mange unge skal organiserast er det ein kjempefordel at også dei føresette veit kva som skjer. Me ynskjer å invitere dykk til **informasjonsmøte torsdag 13.09 kl. 20** i Vonheim. De får informasjon om planane for året som kjem, helse på leiarane og får lukta på den gode Vonheim-torsdag-stemminga.

Kva er Refleks, og kva skjer ein torsdag i Vonheim?



Refleks Ten Sing er eit kreativt, kristent, lågterskels ungdomsarbeid under Noregs KFUK-KFUM, med slagordet «Ver deg sjølv. Stå opp for andre». Det er dei om lag 80 ungdommane sjølve som driv Refleks, under tett vaksen-oppfølging. I Refleks skal ungdommane få vere ein del av eit trygt og ope miljø, få uttrykke seg kreativt gjennom musikk, dans og drama og etterkvart få leiaransvar. Det er alltid vaksne til stades på arrangement i RTS-regi.

Kvar torsdag er det open dør i Vonheim, frå skuleslutt til kvelden:

- 14.20** Ope hus. Lekselesing, slakking, sosialisering.
- 16.15** Sal av heimelaga middag som me et rundt langbord (30 kr).
- 18 -21** Refleks-øving med lek, korsong, aktivitetar i sjølvvalde spesialgrupper, pause med sal av matbit og input.
- 21.15** Kveldsmat for dei i 10ande og oppover (nokre torsdagar).

For at det skal vere mogleg å gjennomføre prosjekter i gruppa treng me at medlemmane er i Vonheim i øvingstida mellom klokka 18 og 21 og at dei er med på det som skjer (alle står i koret!). Dei gjev beskjed til dirigent / bandleiar om dei ikkje kan vere med når koret skal opptre. **NB:** Me er ikkje mange nok vaksne på huset til å hente tilbake ungdom som vasar på Vangen i staden for å vere i Vonheim på torsdagane, men gje oss ein lyd om me skal halde eit ekstra auge med nokon.

Grupper

I løpet av den fyrste månaden vel alle Refleksarar ei spesialgruppe som dei vil vere med i. Gruppene møtast ein time kvar torsdagøving og arbeider med eigne prosjekter. I år ser det ut som dei kan velje mellom dans, drama, media (?), Reflektor, teknikk, band, matlaging og minikor. Dei eldste Refleksarane er gruppeleiarar, og dei fleste gruppene lagar facebook-grupper for informasjonsdeling og beskjedar. Der kan ungdommane gje leiaren sin beskjed når ein ikkje kan komme på øving / konsert.

Kva skjer utanom torsdagane?

Refleks held eit ganske høgt aktivitetsnivå, og me håpar alle finn noko dei vil vere med på! Turar, leirar og sosialkvelder er heilt frivillig, men me anbefaler på det varmaste å bli med - det er der me blir kjende! Me skal sjølvsgt bruke tid på å lage og øve inn den store vårframsyninga i Gamlekinoen, men me skal òg bruke mykje tid på å berre ha det kjekt saman: i haust skal me reise på haustleir, ha sosialkveld, vere med på Refleks sitt 40års jubileum, lage Ung Messe i Vangskyrkja og hjelpe til på jolemessia i Vonheim. Til våren lokkar me med både vinterfestival, påskeleir, 17.mai-kafé, stor framsyning i Gamlekinoen og sommartur til sørlandet.



Betaling og innmelding

Innmelding: Både nye og gamle Refleksare må meldast inn dette skuleåret. Dette skjer digitalt, via skjema de finn her: <http://bit.do/rtsinnmelding1819>

Medlemspengar vert krevd inn frå KFUK-KFUM sentralt, for kvart kalenderår (nytt frå 2018). Det vil sei at dei som betalte medlemspengar i vår ikkje får ny faktura / betalings-SMS før i januar 2019. Sjå infoskriv [HER](#).

Turar og leirar betalast uoppfordra til konto 3480 16 12727. Me sender ikkje faktura for leirar, men opplyser om priser og betalingsfristar på info-skriva. Mot slutten av kvart semesteret kjem purrefaktura på e-post til føresett. Familien sin økonomi skal ikkje vere eit hinder for å vere med på Refleks sine aktiviteter. Ta kontakt med Ingrid *i forkant av arrangement*, så finn me ein ordning. Både Refleks, Kyrkjene på Voss og Vinje og KFUK-KFUM har pengar som skal brukast til dette!

Medlemsskap i Refleks kostar, kvart kalenderår:

Ordinært medlemsskap	550 kr
Konfirmantmedlemsskap	385 kr
Familierabatt	30 prosent
Melder ein seg inn denne hausten kostar det 100 kr ut året, før ein får faktura for 2019 i januar.	

Medlemsskap i Refleks gjev medlemskap i Norges KFUK-KFUM, ulykkesforsikring på leirer og arrangement, og rabatt på m.a. Vinterfestival, Nattcup og Spektek. Sjå andre medlemsfordeler her: kfuk-kfum.no/bli-med/bli-medlem/medlemsfordeler

Informasjon

- ▶ Me sender all viktig informasjon på lappar med heim og gjentek / legg den same informasjonen i facebookgruppa [Medlemmer i Refleks Ten Sing](#). Viktige påminningar kjempå SMS.
- ▶ Me har ei eige facebookgruppe for føresette: [Informasjon til Refleks-føresette](#). Her legg me ut semesterplan, alle lappar og nokre påminningar. Me ber dei av dykk som er på facebook leite fram gruppa og melde seg inn!
- ▶ Påmelding til leirar skjer som oftast ved fylle ut påmeldingsslipp på infoskriva. Dei signerast av føresett og leverast til Ingrid. Oversikt over påmeldingsfristar finn de på semesterplanen.

Me treng vaksne!

Me har ein stor ungdomsgjeng, og ganske få vaksne. For å lage eit godt tilbod treng me hjelp av de føresette til særleg tre ting: hjelp til med å lage middag (sjå under!), hjelp til kakebaking og sjauing på 17. mai-kafé (RTS sin viktigaste inntektskjelde) og til nokre dugnadstimer når Refleks og Voss KFUK-KFUM er vertskap for 700 ungdommar på Vinterfestival på Voss 8.-10. februar. Me drøyer også om nokon som vil bruke meir tid med Refleksarane (på torsdagar, vere med for å lage mat på tur, sette i gang ein aktivitet). Gje Ingrid ein lyd!

Middag

Me trur det er viktig å starte torsdagen i Vonheim med eit skikkeleg måltid saman – for å få til dette treng hjelp frå dykk! Om du kan bruke eit par torsdagstimer til å lage mat vert både ungdommar og leiarar særst takksame, og du får ein innside-snikkikk på miljøet ungdommen din er ein del av. Kryss av på innmeldinga, så får du ein telefon eller e-post.



Vil du óg vere med?

Refleks er ein del av [Voss KFUK-KFUM](#) som ynskjer å vere ei open og inkluderande foreining med tilbod til vossingar i alle



aldrar. Har de yngre sysken i huset kan me tipse om SuperKluzz (familiefredag) og Tween Sing (for 5.-7.klasse), hendige mannfolk kan vere med i vaktmeister-og kveldsmat-gruppa [HandY](#) og me treng folk til å vere med å lage i stand den store Vonheimsjolemesssa (både kakebaking, ting som kan selgast, hjelp til førbuingar og gjennomføring). Me inviterer òg til temamøter og samtalekveldar der me tek opp tema om liv, tru og tvil. Finn meir info på facebook.com/vosskfukkfum, eller ved å kontakte dagleg leiar Ingrid eller styreleiar Turid Fjose (tlf 414 18 326)

Tankar eller spørsmål? Ta veldig gjerne kontakt med vaksenleiarane. Me gler oss!

Ingrid Tønnessen, hovudleiar:	480 31 200 / ingrid2@kfuk-kfum.no
Rønnaug Skjeldal, kateket og konfirmantsjef	952 62 025 / kateket@kyrkja.voss.no
Håvard Skattum, frivillig vaksen, middagsorganisor	906 55 180